

Hamnsundsambandet – framdrift!

Haram, Giske og Ålesund har eit felles samferdselsprosjekt – Hamnsundsambandet – som skal knyte dei tre kommunene tettare saman i ein betre arbeidsregion, der avstanden til/frå Ålesund vil verte monaleg betre for arbeidspendlarane frå /til Nordøyane, Vestre – og yttre del av fastlands Haram og Ålesund. Særleg gjeld dette etter at Nordøyvegen stend ferdig, og snøggbåtruta mellom Nordøyane–Hamnsund – Ålesund er teken bort i tråd med føresetninga i finansieringa av Nordøyvegen. Bygdebladet har prisverdig teke opp dette gjennom to artiklar, der næringslivet i Søvik/Gamlem set fokus på problemet i dag og også korleis dette vil verte når snøggbåtruta til Ålesund fell bort, og pendlarane vert nødd til å køyre framimot 5–6– mil for å kome til arbeid, og enno lenger om dei skal til Nordøyane i Haram og Sandøy.

I Bygdebladet laurdag den 10. des. seier dagleg leiar for Hamnsundsambandet, Kjell Sandli, at: ”Før sommarferien vart planprogrammet levert dei tre kommunane som er

omfatta av Hamnsundsambandet. Der ligg det framleis til behandling. No ventar vi på at vertskommunane (Giske, Ålesund og Haram) snarast skal komme med eit samordna vedtak av programmet, slik at vi kan stake opp vegen vidare for å komme i mål”, seier Kjell Sandli.

Mitt spørsmål til ordføraren er:

Kva er grunnen til at denne saka ikkje enno er sett på sakskartet til Haram kommunestyret?

Når vil ordføraren syte for at kommunestyret får denne viktige saka for Haram til drøfting?

TORLEIV ROGNE

Uavhengig valliste for Haram

